



Helse- og omsorgsdepartementet
v/ Statsråd Bent Høie
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO
Epost: postmottak@hod.dep.no

Uttale:

Hardangerrådet vil sikra lokalsjukehusa i distrikta og krev at Odda sjukehus vert oppretthalde med akuttkirurgi.

Hovudbodskapan er: Medisinsk og kirurgisk akuttberedskap må haldast oppe 24 timar i døgnet heile året. Dette er ein føresetnad for at Odda Sjukehus framleis kan vere eit forsvarleg og fullverdig lokalsjukehus som gir heilt naudsynt beredskap for fastbuande og besøkjande.

Vi vil arbeida for ei styrking av Odda Sjukehus

- Odda Sjukehus må verta tilført fleire oppgåver og dermed pasientar frå andre deler av landet.
- Dette kan bidra positivt med å avlaste dei større sjukehusa.
- Oppgåver som har kirurgi i seg er ein føresetnad for å oppretthalda livreddande beredskap.

Odda Sjukehus vert bygd opp som ein spanande tverrfagleg og robust opplæringsinstitusjon for turnuslegar, sjukepleiarar og anna fagpersonell.

- Dette skal skje i tett samarbeid med kommunane. Dette vil og styrke rekrutteringa til både sjukehuset og primærhelsetenesta.
- Odda Sjukehus får tilført ekstra ressursar til å utvikle ein nettverksmodell med større sjukehus. Der telemedisin og annan ny teknologi kan styrke lokalsjukehuset.
- Odda Sjukehus får tilført ekstra ressursar til å utvikle ein reell samhandlingsmodell med primærhelsetenesta og legevaktordninga i heile distriktet.
- Odda Sjukehus må få høve til å utvikla ei døgnkontinuerleg DPS-avdeling som integrert del av den distriktpsikiatriske satsinga i distriktet.
- Pasientgrunnet i Hardanger er langt større enn det statistiske grunnlaget som stortingsmeldinga opererer med. Vi har 70 000 fjellturister om sommaren og langt over 100 000 turister i fjellet om vinteren. Dette må statsråden ta omsyn til.
- Samt at ein må leggja vekt på «Risiko Og Sårbarhets»-analysar som det tidlegare er vist til.

Kinsarvik 14.12.2015

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar i Hardangerrådet iks.

Hardangerrådet iks signerar digitalt

Kopi til: Styret i Helse Vest og Styret i Helse Fonna